OSTERØY KOMMUNE
Teknisk forvaltning

Bergan Bygg As
Solbjørgsdalen 84
5282 LONEVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Therese Lyngbo Iversen | 13.10.2023 |
| Vår: 22/1378 - 23/22657 | therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no | |

# Gbnr 87/7 Hoshovde - Oppføring av garasje, terrengmur, terrasse og takoverbygg - Ferdigattest

**Administrativt vedtak. Saknr: 300/23**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | Åge Hellevang |
| **Ansvarleg søkjar:** | Bergan Bygg As |
| **Tiltak:** | Garasje, terrengmur, terrasse og takoverbygg |
| **Søknadstype:** | Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10. |

**Kommunedirektøren sitt vedtak:**

**"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for oppføring av garasje, terrengmur, terrasse og takoverbygg på gnr. 87 bnr. 7.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d."**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 17.06.2022 saknr. 165/22 og endra vedtak av 30.06.2022 saknr. 191/22.

Det er opplyst i søknaden at det er gjort ikkje-søknadspliktige endringar på tiltaket. Kommunen legg dette til grunn for handsaminga.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.09.2023 og tilleggsinformasjon motteke 13.10.2023.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Gnr. 87 bnr. 7. |
| Bygningstiltak: | Garasje, terrengmur, terrasse og takoverbygg |

| | |
|---|---|
| Bygningsnummer: | 9846603 og 301259845 |

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

**Til orientering**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1378.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Tore Johan Erstad<br>einingsleiar for teknisk forvaltning og plan | Therese Lyngbo Iversen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bergan Bygg As | Solbjørgsdalen 84 | 5282 | LONEVÅG |
| Åge Hellevang | Osterøyvegen 2032 | 5282 | LONEVÅG |